



Krav til Nkom sitt godkjentmerke for prissamanlikningstenester

Sist oppdatert 10. desember 2024.

Krava følger av ekomforskrifta § 4-12. Nedanfor gis utfyllande rettleiing til krava.

1. Tilgjengeleg

- Tenesta er gratis å bruke for sluttbrukarane.
- Tenesta bruker eit klart og eintydig språk.

2. Pålitelig

- Tenesta blir halden løpande oppdatert. Ny informasjon vises som hovudregel i løpet av to døgn.
- Tenesta gir forbrukaren nødvendig prisinformasjon og effektiv mogelegheit til å samanlikne produkt. Detaljert prisinformasjon om kvart enkelt produkt må kome fram, både informasjon som inngår i grunnlaget for samanlikninga/rangeringa og annan informasjon av betydning for valet. Priser for bruk utover mengda data/tale/SMS som er inkludert i månadsprisen, skal informerast om og kan inngå i berekning av månadskostnad.
- Informasjon om hastigheitsavgrensingar kommer tydeleg fram på resultatsiden.
- Produkta blir rangert etter ordinære priser og volum (ikkje kampanjetilbod).
- Abonnementsprisane må som hovudregel være tilgjengeleg for alle.
- Føresetnadar knytte til produkta må klart kome fram.
- Prissamanlikningstenester for fast breiband må innehalde en mogelegheit for geografisk filtrering. Resultatlista må som et minimum kunne filtrerast etter fylke kor produkta blir tilbode.

3. Transparent

- Det er tydeleg for brukaren kven som eig og driv tenenesta og korleis ho er finansiert.
- Det kjem tydeleg og enkelt fram korleis prisane samanliknast, under dette kva føresetnader som er tatt.

4. Fullstendig

- Produktutvalet må inkludere eit bredt tal på tilbydarar og produkt som reflekterer valmoglegheitene i marknaden.



5. Objektiv

- Tenesta er uavhengig av tilbydarar av produkt som samanliknast.
- Avtaler med operatørar eller andre kommersielle aktørar må ikkje påverke resultatlista.